

Ordbøkene til Ivar Aasen

Av

Oddmund L. Hoel

Særtrykk
Maal og Minne
Nr. 3-4, 1994

ORDBØKENE TIL IVAR AASEN
PRINSIPP OG METODAR FOR INNSAMLING OG UTVAL AV
ORD

Av Oddmund L. Hoel

*Ein finn ikkje nokot,
fyrr ein kjem der det er.¹*

Innleiing

Med *Ordbog over det norske Folkesprog* (1850) og *Norsk Ordbog* (1873) skreiv Ivar Aasen (1813–1896) seg med gullskrift inn i målsoga og målvitenskapssoga vår. Trygve Knudsen (1963:214) har utropa Ivar Aasen til «...den beste leksikograf vårt land har sett». Aasen har fått æra av både å grunnleggja norsk leksikografi, den jamførande målføregranskinga, og den norske målreisinga.

Likevel er det skrive forvitneleg lite om mannen. Ein del er skrive om målreisaren og (mål)politikaren Ivar Aasen, mindre er skrive om vitenskapsmannen og mest inkje om personen Ivar Aasen. Av det vitenskaplege arbeidet hans er det skrive mest om granskingane av ljodverk og bøyingsverk, men til no er det berre skrive ei hovudfagsoppgåve og to doktoravhandlingar om Aasen. Stephen Walton arbeider dessutan med ein biografi; ein forsmak i lite opplag kom i prøveutgåva *Ivar Aasens nedre halvdel* hausten 1991.

I denne artikkelen skal eg sjå på ei side av Aasen det *ikkje* er skrive mykje om: *leksikografen* Ivar Aasen. Aasen gav ut to ordbøker, eller rettare – ei ordbok i to utgåver: *Ordbog over det norske Folkesprog* (1850) og *Norsk Ordbog* (1873). Saman med *Det norske Folkesprogs Grammatik* (1848) og *Norsk Grammatik* (1864) la desse to bøkene grunnlaget både for det nynorske skriftmålet og norsk leksikografi.

Men korleis arbeidde *leksikografen* Ivar Aasen? Kva metodar nytta han under innsamlingsarbeidet, og kva prinsipp fylgde han når han valde ut kva ord som skulle med i ordbøkene? Kva er skilnaden på dei to ordbøkene, og kan ein syna til ordbøkene når ein hevdar at nynorsken er eit vestlandsmål? Det er emnet for denne utgreiinga.

Den mest vidgjetne skilnaden på dei to ordbøkene, er normaliseringa av

oppslagsorda. I 1850-ordboka er Aasen sers varsam med å normalisera oppslagsorda. Ein finn difor ikkje eit einskapleg normalmål i denne boka. I 1873-ordboka nytta han normalen som han med små brigde hadde gjennomført sidan *Prøver af Landsmaalet* frå 1853 (Aasen 1985). Eg kjem i det fylgjande ikkje til å gå nærare inn på normaliseringa i dei to ordbøkene. Dette er greitt skildra både av Indrebø (1951:442ff) og av Magne Myhren (etterord til Aasen 1985).

Stutt om dei to ordbøkene

Ivar Aasen såg ordbøkene som hovuddelen av verket sitt, noko som går fram av overskrifta på ei utgreiing frå 1846 om det komande arbeidet: «Om en Ordbog over det norske Almuesprog samt en dertil hørende Grammatik» (Knudsen 1963:209). Og i fortala til *Det norske Folkesprogs Grammatik* opnar Aasen slik (s.III):

«Det Skrift, som herved forelægges Almeenheten, er at betragte som en Indledning eller Forberedelse til et større Værk, nemlig til en Ordbog over det norske Folkesprog (...)»

Av dei to utgåvene har språkhistorikarane hengt seg mest opp i fyrsteutgåvene både av grammatikken og ordboka. Andreutgåvene har berre fått ein brøkdel av plassen i dei språkhistoriene eg har gått gjennom. Unaturleg er det ikkje – *Det norske Folkesprogs Grammatik* (FG) og *Ordbog over det norske Folkesprog* (OF) frå 1848 og 1850 var dei fyrste vitskaplege granskingane av dei norske målføra og markerte grunnlegginga av eit nytt skriftmål. *Norsk Grammatik* (NG) og *Norsk Ordbog* (NO) frå 1864 og 1873 var auka og betra utgåver av OF og FG, men ikkje nybrottsverk.

Likevel er det 1873-utgåva som har vorte folkeeige. 1850-ordboka kom berre i eitt (lite) opplag, og Aasen sjølv skriv i fortala til NO (s.III) at «det lille Oplag af Ordbogen [OF] snart var udsolgt». *Norsk Ordbog* derimot, har til no kome i fem opplag (det siste i 1983²) og har vorte fast innbu i mange tusen boksamlingar og heimar. Alf Sommerfelt (1963:157) kalla *Norsk Ordbog* «hovudordboka for landsmålet og målføra» og spådde at ho kom til å vera det til storverket Norsk Ordbok (1950–) er ferdig. No har *Nynorskordboka* (1986) teke over den rolla, men fram til 1986 var nok *Norsk Ordbog* den mest nytta ordboka mellom dei nynorskbrukarane som var ute etter meir enn reine rettskrivingsopplysningar. Den ordboka som har kome nærast Aasens i utbreiing, er nok *Norsk ordbok* av Steinar Schjøtt (1914) som kom i to store opplag. Men orda til Trygve Knudsen frå

1963 (s.214) står framleis: «overalt hvor norsk sprog studeres, hjemme og i utlandet, har den [Aasens ordbok] til denne dag vært – og vil den fortsatt være – en hjelper som man alltid med største tillit vender seg til.»

Omfang

Ordbog over det norske Folkesprog inneheld knapt 20.000 oppslagsord³, medan det var drygt 38.000 oppslagsord i *Norsk Ordbog*⁴. I OF fyller ordboksartiklane 622 sider (pluss 13 sider tillegg og rettingar), mot 965 sider i NO (6 sider rettingar og tillegg). Til samanlikning har *Nynorskordboka* (1986) 870 sider og kring 90.000 oppslagsord (samanlikninga er noko haltande sidan det er etter måten smått med målføreopplysningar og historiske opplysningar i *Nynorskordboka*). Bo Svensén (1987:25) deler inn ordbøker i fire grupper etter storleik og bruksområde, og ordbøkene til Aasen bør vel setjast i gruppe 3 ut frå denne inndelinga (500–1.000 sider og 35–60.000 oppslagsord med «mer kvalificerad och utförlig information än i ordböcker tillhörande grupp 2». Til gruppe 2 høyrer bøker «avsedda för skolbruk».).

Passive tospråklege ordbøker?

Både *Ordbog over det norske Folkesprog* og *Norsk Ordbog* er tospråklege ordbøker med oppslagsord på norsk og definisjonar på dansk. Kva publikum Ivar Aasen skreiv for, går klårt fram av fortala til NO (s.X):

«...man [maatte] her have for Øie, at ikke blot Landsmænd men ogsaa Udlændinger kunde ønske at finde Oplysning om dette Sprog, og at altsaa Forklaringen burde være saadan, at den ogsaa kunde forstaaes udenfor Landets Grændser...[men] ialfald blev det mest nødvendigt, at Bogen maatte indrettes for norske og nordiske Læsesres Tarv og altsaa være anlagt som *norsk–dansk* Ordbog med Forklaring paa saa god Dansk som muligt.»

Ordbøkene har altså eit reint passivt føremål – dei skal forklara norske ord for norske og nordiske brukarar med danskspråkleg bakgrunn.

Likevel har ordbøkene (iallfall *Norsk Ordbog*) eit anna siktemål enn vanlege tospråklege ordbøker. Dei ordbøkene det høver best å jamføra med i samtida til Aasen er slike som Molbechs *Dansk Ordbog* (1828–33) og *A Dictionary of the English Language* (1755) av Samuel Johnson, altså eittspråklege ordbøker. Mest nærliggjande er det vel å setja ordbøkene til Aasen i bås med ordbøker laga i andre målreisingsprosjekt der meininga er å laga ei ordbok over (tale)målet til brukarane sjølve, men der

mangelen på skriftmål gjer at ein må gå vegen om eit framandspråk i definisjonane.

Aasen gjer i fortalene til båe utgåvene greie for vanskanen han stod andsynes når han skreiv ordforklaringane (1850:XIII, 1873:XI). Han hadde det same problemet alle forfattarar av tospråklege ordbøker har, nemleg å finna ord i dansk (målspråket) som høver til dei norske. Sjølv om det same ordet finst både i dansk og i norsk, står dei i kvar sin kulturelle samanheng og kan difor ofte ikkje omsetjast beinveges. Største problemet for Aasen var likevel å få skriftmålet til å strekkja til når «de forskjellige Forekomster i Naturen og ... de Ting, som henhøre til Folkelivet og Folkets Arbeide» skulle skildrast. Dette problemet er ikkje sermerkt for tospråklege ordbøker, for

«...dette er da noget, som vil gjælde for ethvert Folkesprog, da den store Mængde altid vil være henviist til den simpleste Levemaade og altid komme tilbage dertil efter enhver Udskeielse i Kræsenhed og Luxus. Almuens Tale vil altsaa have mange gode Benævnelser for adskillige Ting, som ere lidet bekjendte blandt dem, som mest befatte sig med Læsning og Skrivning; og deraf følger da, at disse Ting blive sjelden nævnte i Bøgerne...» (Aasen 1873:XI)

Aasen laga ei tospråkleg ordbok (norsk–dansk) som seinare har fungert som ei eittspråkleg ordbok: nytta av nordmenn som vil skjønna eller skriva norsk (landsmål/nynorsk). Ordboka hans kan difor best jamførast med andre *målreisingsordbøker*.

Bakgrunn og kjeldearbeid

Ivar Aasen dreiv vel både det som i dag vert kalla verksemdsplanlegging og målstyring. Han arbeidde sers strukturert og hadde klåre planar for arbeidet sitt.

Historikaren E.H. Carr (1961:15) har polemisert mot produksjonen av «...a vast and growing mass of dry-as-dust factual histories, of minutely specialized monographs, of would-be historians knowing more and more about less and less, sunk without trace in an ocean of facts». Overført på målvitenskapen kan me trygt seia at Aasen stod i fåre for å drukna i eit hav av uoversynlege fakta når han (utan redningsvest!) tok til å granska det norske målet. Når han kom sopass bra frå det, kjem det mykje av dei klåre tankane han hadde om kva han dreiv med og kva arbeidet skulle nyttast til, i tillegg til at han meistra vitenskaplege øvingar som kjeldekritikk, grannsemd og objektivitet (men ikkje verdiløyse) i framstillingane.

For å gje innsamlingsmetodane og utvalskriteria til Aasen ein bakgrunn, skal eg streifa innom det politiske programmet og det vitskaplege grunnlaget hans.

Politisk program

Allereie som 23-åring i 1836 sette Aasen opp eit program om å atterreisa eit norsk skriftmål («Om vort Skriftsprog»⁵). I fortala til OF (1850:XV) vonar han at den nye interessa for norsk mål

«vilde virke til en Vedligeholdelse af det Gamle og modvirke denne Lyst til det Fremmede, som desværre saa ofte viser sig. Man vilde løsrive sig fra denne falske Indbildning, at man ikke kan ansees som et dannet Menneske, førend man har glemt sit Modersmaal».

«Aasens fyreløge hadde vore,» med orda til Sigurd Kolsrud (1933:106), «å finna kor stort område det gamle norske målet enno hadde, han vilde òg syna at det fanst grunnlag for eit sjølvstendig skriftmål.» Aasen hadde ikkje som føremål å laga eit kvantitativt oversyn over ord og former nytta innanfor grensene til kongeriket Noreg. Han ville positivt syna korleis norsk mål hadde halde seg i tale, og ikkje syna negativt kor mykje dansken hadde breidd seg i talemålet. Dette er grunnleggjande for å skjønna kvifor han la opp granskingsferda som han gjorde, og for å skjønna heile ordboksprosjektet.

Kunna om norsk mål var sers dårleg i Aasens samtid, og det var ei ålgjengd oppfatning at målføra var forkvakla dansk. Denne (nasjonale) føreloga – å skilja ut det *norske* frå det som andre såg på som ei norsk-dansk smørje – låg til grunn for arbeidet til Aasen, same kor sosialt, pedagogisk, romantisk og/eller populistisk motivert han elles måtte ha vore for å byrja på eit slikt arbeid.

Teoretisk og metodisk grunnlag

Aasen kjende godt til kva som rørde seg innanfor målvitskapen i samtida, og tenkinga hans var grunnfest i den nye samanliknande og historiske målvitskapen som grodde fram fyrst på 1800-talet. Fyrste inspirasjonen fekk han av Maurits Hansens *Forsøg til en Grammatik i Modersmaalet* (1822). I 1833 fekk han tak i *Vejledning til det Islandske eller Gamle Nordiske Sprog* av Rasmus Rask (1811⁶) og arbeida til Jacob Grimm (*Deutsche Grammatik*, 1822) og Franz Bopp (*Vergleichende Grammatik*, 1833) i Tyskland, og P.A. Munch og C.R. Unger i Noreg (*Det oldnorske Sprogs eller Norrøn sprogets Grammatik*, 1847)⁷. Språkkunnskapane

var det ikkje noko i vegen med: Etter kvart kjende Aasen til både dansk, latinsk, gresk, tysk og engelsk grammatikk (Knudsen 1963:204).

Aasen kjende òg til dei *leksikografiske* arbeida i samtida. Med den engelske ordboka si frå 1755 lanserte Samuel Johnson mønsteret for ordboksartiklar som seinare har vorte rådande, og som Christian Molbech nytta i *Dansk Ordbog* (I–II, 1828–33). Aasen tok dette mønsteret frå Molbech (Worren 1992:5), og ordboka til Molbech har vore til hjelp for Aasen når han har freista finna «tilsvarende Ord i Skriftsproget til at forklare Ordene med» (Aasen 1850:XIII; jfr. 1873:X).

Innanfor moderne norsk målvitskap var det kort og godt ikkje noko å kjenna til. Unger og Munch hadde granska det gamalnorske målet, og dei tok med ein del tilvisingar til nyare norsk talemål. Men noka systematisk vitskapleg gransking av samtidsmålet gjorde dei ikkje, og Aasen byrja difor so å seia på berr bakke. Det gjorde at han vart banebrytande i ei rekkje målvitskaplege disiplinar. Likevel var han sterkt påverka av dei politiske og vitskaplege straumdraga i samtida. Ein sann europeisk intellektuell bør han vel kallast med dagens ordbruk.

Kjeldegrunnlag, innsamlingsmetode og krav til autentisitet

Granskingsferda til Aasen frå september 1842 til desember 1846 er den lengste og mest kjende av ferdene hans, *langferda* som han sjølv kalla henne⁸. Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab i Trondheim var sponsor, og Aasen fekk løn i to år for å granska målføra på *Vestlandet*. Seinare fekk han utvida prosjektet med to år til for å granska målføra i dei andre landslutane. På *langferda* granska han lite eller inkje av målføra i Sunnfjord, Ryfylke, delar av Agder, Sørlandet, Østerdalen m/Solør og Nord-Noreg nord for Rana. På veg frå Trondheim til Kristiania i september 1847 (før han gav ut FG og OF) fekk han likevel med seg Østerdalen.

Langferda til Aasen er velkjend. Dårlegare har det kome fram at Aasen i åra 1850 til 1868 var på mest årlege ferder til stader han ikkje hadde vitja før eller fare fort over. Før *Norsk Ordbog* kom ut i 1873 hadde han difor vore både i Troms (1851), Austfold, Vestfold, Solør, Hadeland, Agder og mange andre stader. Han drog òg attende til mange stader han hadde vore før.

Hans Eidnes (1942:210) har laga eit oversyn over kor mykje tid Aasen nytta på kvar landsdel frå 1842 til 1873. Av dei 70 månadene han var på reisefot i desse åra, var han 30 månader på *Vestlandet*, 8 månader på *Sørlandet*, 20 månader på *Austlandet*, 8 månader i *Trøndelag* og vel 2

månader i Nord-Noreg. (Då er ikkje nokre lengre opphald i Oslo og Trondheim rekna med.)

Det aller meste av arbeidet til Aasen byggjer på innsamlingane han sjølv stod for på ferdene sine, men han la ikkje ut med heilt blanke ark i september 1842. Sjølv tok han til med granskingane av sunnmørsmålet i 1837, og han hadde med seg ei samling på 9.000 sunnmørsord då han la ut på ferda i 1842⁹.

Aasen hadde òg noko hjelp av tidlegare ordsamlingar, serleg Laurents Hallagers *Norsk Ordsamling* (1802). Dette var ei samanskriving av dei viktigaste målføreordsamlingane som fanst på den tida, og med sine 6–7.000 ord var samlinga den klårt største som fanst då Aasen tok til (Aasen 1850:III; Indrebø 1951:346). Ordsamlinga var nyttig for Aasen sidan ho inneheldt ei stor mengd lite kjende ord, men han var ikkje imponert over kvaliteten.

Når Aasen kom til eit område, drog han til midten av målvaldet. Han var ute etter hovuddraga i målet, ikkje alle lokale nyansar. Han oppsøkte helst målføre-kunnige folk, ofte skulelærarar (Knudsen 1963:208). Når han hadde fare gjennom eit større område, laga han seg ei ordliste og ein grammatikk for området. Desse laga han slik at dei seinare skulle vera lette å arbeida inn i landsoversynet. Walton (1991:155) kallar dette «Aasens kumulative metode» – han bygde heile tida innsamlinga på tilfanget han alt sat med, som ein slags pyramide¹⁰. I fortala (1850:IV) nemner Aasen at han til slutt sat med slike mindre ordsamlingar frå «Sogn (Sogndal), Nordhordlehn (Hammer), Hardanger (Ullensvang), Tellemarken (Sillejord), Gulbrandsdalen (Sell), Ørkedalen (Svorkmoe), Inderøen (Sparboen) og Helgeland (Vefsen)». Mindre samlingar hadde han frå «Voss, Søndhordlehn, Jæderen, Sætersdalen, Hallingdal, Valdars, Nordmør og Fosen», medan samlingane frå «Søndfjord, Ryfylke, Mandal og de sydlige Egne i Agerhusus Stift» var «ubetydelige». «Fra nogle Distrikter i Udkanterne af Landet (nemlig Smaalehnene og den nordlige Deel af Nordlandene) har jeg ikke havt nogen egentlig Ordsamling.»

I mange bygder skaffa han seg hjelpesmenn som skreiv opp ord og sende til han. Han fekk dessutan tak i ein del nyare ordsamlingar, og då han arbeidde med 1873-utgåva, sat han med ei rad slike ordsamlingar (han gjer greie for dei på side XIII i fortala). At Aasen var lite på ein stad treng difor ikkje tyda at han hadde dårleg kjennskap til målet på staden. Hadde han ei god ordsamling og gode hjelpesmenn, gjekk arbeidet raskare.

Aasen nytta ordsamlingane som spørjelister og kontrollerte dei med heimelsfolk der han kom. Eitt prinsipp fylgde han likevel nådelaust både i

fyrste og andre utgåva: Han sleppte aldri inn i ordbøkene ord han ikkje sjølv hadde høyrte i levande bruk. Me kan soleis rekna med at båe utgåvene er kjemisk frie for fantomord («ghost words» – ord som har gått ut av eller aldri har funnest i vanleg målbruk, men som likevel går att frå ordbok til ordbok).

I OF gjekk han til og med so langt at han heller ikkje ville setja opp *former* han ikkje hadde høyrte i bruk, av di «en Opstilling af forældede Former vilde ansees som en Afvigelse fra Sandheden, og Læseren vilde heraf tage Anledning til at ansee Bogen som upaalidelig» (Aasen 1850:VII). Det vanlege dømet er infinitivsendingane: Aasen førde opp verba med a-infinitiv, men verb som berre fanst i e-målsområde vart førde opp med *-e* av di Aasen såg det som avvik frå sanninga å føra dei opp med *-a*. I NO gjekk han bort frå dette prinsippet og gjennomførde norma han hadde sett opp i *Norsk Grammatik* (1864).

Bak i båe ordbøkene har han med lister over ord i gamle ordlister og ord i gamalnorsk som han ikkje hadde funne att under innsamlinga.

Geografisk slagside i ordbøkene?

Kva delar av landet henta Ivar Aasen orda frå? Granskingsferdene syner oss kvar han var, men det treng ikkje seia noko om kor mykje han tok omsyn til kvart område når han laga ordbøkene.

Gustav Indrebø (1951:432) har freista setja tal på den geografiske fordelinga av heimfestingane i *Norsk Ordbog*. Indrebø har talt opp heimfestingane på bokstaven *A* (36 sider) og 25 sider av *V* (resultatet hans står i tabellen nedanfor).

Indrebø freistar likevel ikkje å syna utviklinga frå 1850- til 1873-utgåva, anna enn at han meiner ein kan lesa ut av oversynet at dei nye ferdene i Nord-Noreg og på Austlandet etter 1850 har sett spor etter seg i NO. Eg har difor gått gjennom dei 10 fyrste sidene av bokstaven *T* i NO og dei tilsvarende sidene i OF for å finna ut kor mange nye ord og heimfestingar det var i NO.

Men fyrst nokre ord om heimfestingane til Aasen (delvis attgjeve etter Indrebø 1951:432). Aasen heimfeste berre ord, ordformer og tydingar som ikkje var ålgjengde. I NO er berre kring halvparten av orda heimfeste (lausleg overslag). «Når han heimfeste, nemnde han dertil ofte berre éi bygd – truleg oftast den han fyrst skreiv ordet upp frå –, og sette attåt tillegget ‘og fl.’ til å visa at ordet gjekk vidare, men at han ikkje kjende nøgje til den geografiske utbreidingi» (Indrebø, s.st.). Mellom dei 355 orda eg gjekk gjennom finst det 28 «o.fl.» og dessutan nokre «flere Steder»

og «i andre Egne». Ein del av heimfestingane i OF er strokne i 1873-utgåva, sannsynlegvis for å syna at ordet er meir utbreidd eller har eit anna utbreiingsmønster enn Aasen fyrst trudde.

Det er òg noko skiftande kva heimfestingane står til. Sume gonger syner dei til uttale, andre gonger til faste uttrykk, tydingar eller døme. Eg har rekna opp alle heimfestingane utan å skilja kva dei står til, og eg reknar med at Indrebø har gjort det same. Når det gjeld *mi* vesle gransking, er dessutan ordutvalet so lite at ein må rekna med ein del feilmargar (skilnaden mellom Indrebøs og mine tal er eit godt prov på det). Utvalet skulle likevel vera meir enn stort nok til å peika på hovudtrekka i den geografiske fordelinga.

På desse sidene (s. 794–804 i 1873-utgåva) var det totalt 355 oppslagsord (markerte med marguttrykk og halvfeit skrift). 133 (37%) av desse har kome til sidan 1850-utgåva. I tillegg fører Aasen opp 13 nye tydingar av ord han har frå før.

I desse 355 oppslagsorda har det kome til i alt 177 heimfestingar sidan 1850-utgåva. Dei fordeler seg slik:

- Heimfestingar av «nye» ord: 79 (45%)
- Nye heimfestingar av «gamle» ord: 84 (47%)
- Heimfestingar av nye tydingar: 14 (8%)

(1) Distrikt	(2) Alle heimf. 1873	(3) Nye hf. 1873	(4) Hf. nye ord 1873	(5) Alle hf. 1850	
Nordafjells	(20%)	16%	18%	15%	22%
Nord-Noreg		8%	9%	10%	5%
Trøndelag		8%	9%	5%	17%
Vestlandet	(39%)	31%	18%	11%	52%
Sunnmøre	(11%)	8%	6%	6%	10%
Agder	(3-4%)	7%	10%	11%	3%
Austlandet	(37%)	46%	54%	62%	23%
Flatbygdene	(8,5%)	14%	17%	23%	4%
Fjellbygdene	(28,5%)	32%	37%	39%	19%
(Ordutval)	(oml. 2400)	355	177	79	521

Korleis fordeler heimfestingane (hf.) seg geografisk?

Den geografiske inndelinga er teken frå Indrebø.

Tala i parentes i kolonne 2 er teljinga til Indrebø (1951:432).

Trøndelag er med Nordmøre. *Vestlandet* tyder altså området frå Romsdalen til Rogaland.

Fjellbygdene på Austlandet femner òg om Østerdalen og Solør.

Tala syner tydeleg at tyngdepunktet i 1873-utgåva ligg lenger nord og aust enn i 1850-utgåva. Medan heile 52% av heimfestingane i OF var frå Vestlandet, er talet i NO 31% (39% hjå Indrebø). Austlandet har ein tilsvarende auke frå 23% til 46% (37%). Heile 54% av dei nye heimfestingane i NO var frå Austlandet (og 62% av heimfestingane i dei nye orda).

Tala for *Nord-Noreg* syner at Aasen hadde fått med ein del ord frå landsdelen alt i 1850-utgåva. I oppteljinga mi finn eg t.d. fleire «Helg.» (Helgeland; 26 ord) enn «Gbr.» (Gudbrandsdalen; 23 ord). 10% av orda som kjem til etter 1850 er frå Nord-Noreg, og mykje kjem nok av to samlingar Aasen fekk frå Nord-Noreg. I 1852 fekk han ei samling på 669 ord frå Troms, og i 1861 ei samling med heile 10.000 ord frå Nordland (Bull 1987:79f). Tove Bull har undersøkt dei 100 fyrste oppslagsorda i den minste samlinga og funne ut at Aasen tok med 85 av dei i NO. Han heimfeste likevel ikkje fleire enn 28 av desse 85 orda (33%) eksplisitt til Nord-Noreg. Det same er tilfellet med orda i den største samlinga, meiner Bull. Mange nordnorske ord glapp likevel for Aasen; Hans Eidnes (1942:218) har sjølv samla kring 2.000 ord i Nord-Noreg som Aasen ikkje har med.

Fordelinga innanfor dei ulike landsdelane går ikkje fram av tabellen, men seier ganske mykje om utviklinga frå OF til NO. Av *fjellbygdene austanfjells* har «Tellemarken» heile 9 av dei 19% i 1850 (4% frå Gudbrandsdalen og berre 2% frå Hallingdal). I 1873 har dette endra seg kraftig. Av dei 32% fjellbygdene då utgjer, har Hallingdal og Telemark 11% kvar med Gudbrandsdalen og Østerdalen på 3% kvar. Dette vitnar om at Aasen fann mykje i Telemark på den fyrste ferda og at han seinare gjorde alvor av orda frå 1850 (s.IV) om å gjera «en rig Efterhøst af Ord og Former» i Hallingdal.

Østerdalen er representert med 2 fattige prosent i 1850, men dette syner at Aasen var innom der allereie på fyrste ferda. I 1873 tek «Solør» til å dukka opp ved nokre ord, ein stad han fyrst kom seg til etter 1850.

Større er likevel auken for *flatbygdene austanfjells*. I 1850 er det spin-

kelt med ord herifrå, men fram til 1873 har det kome inn mange heimfestingar frå dette området. I mine noteringar stikk «Smaal.» (Smaalehnene = Austfold) av med heile 7 av dei 14 prosentane for flatbygdene, medan 5% er det noko ålmenne «Østl.».

Vestlandet er det klåre tyngdepunktet i 1850 med sine 52%. «B. stift» (Bergens stift) er på Vestlandstoppen med 15% medan «Sdm.» (Sunnmøre) kjem på ein god andre med 10%. Romsdalen, Sunnfjord og Nordfjord førekjem mest ikkje, medan Sogn, Hardanger og Nordhordland kjem betre ut. Dette speglar godt av orda hans i fortala om kvar han hadde dei største ordsamlingane frå.

Trøndelag er sterkt inne i 1850-utgåva. Desse 17 prosentane seier noko om kvar i Trøndelag Aasen var: Inderøya og Orkdalen har til saman 9 av desse prosentane, og i oppteljinga fann eg fleire «Namd.» (Namdalen) enn «Ndm.» (Nordmøre). Då har nok Aasen interessert seg mindre for Trøndelag i åra etter 1850.

Oppsummering: Heimfestingane i *Ordbog over det norske Folkesprog* og *Norsk Ordbog* korkje provar eller motprovar påstandane om at nynorsken er eit vestlandsmål i dag. Det svarar heller ikkje på om Ivar Aasen laga eit vestlandsmål eller ikkje. Men dei fortel at det er eit klårt samsvar mellom kvar Aasen var og fordelinga av heimfestingane i ordbøkene. Han byrja med ei samling på 9.000 sunnmørsord som han utvida til 1850-ordboka med ord frå det meste av landet, men med klårt tyngdepunkt på Vestlandet. Deretter utvida han ordsamlinga enno meir til han stod med 1873-utgåva, som me litt enkelt kan seia har tyngdepunktet ein stad midt mellom Vestlandet, Austlandet og Trøndelag.

Kva ord fekk vera med?

Kva ord kan me venta å finna i ordbøkene til Aasen? Det er for det fyrste eit spørsmål om kva ord Ivar Aasen tok med av dei han kjende til. For det andre er det eit spørsmål om kor stor del av det norske ordtilfanget midt på 1800-talet Aasen visste om.

Det siste spørsmålet har eg late liggja, og so vidt eg veit har heller ingen andre teke det føre seg. Ein grunn er kan henda at ordsamlingane er vanskeleg tilgjengelege. Dei ligg uprenta på Universitetsbiblioteket i Oslo og er ikkje ein gong innarbeidde i nynorskarkivet til Avdeling for leksikografi ved Universitetet i Oslo (noko Oddrun Grønvik (1989:106) kallar «ein liten kulturpolitisk skandale»). Ei jamføring mellom samlingane til Aasen og andre ordsamlingar kunne t.d. seia noko om kor utbreidde dagens omstridde «anbehetelse»-ord var kring 1850.

Einaste samlingane som er prenta til no, er 600 ord Aasen samla i Nordhordland i 1843–44 (jfr. Grønvik 1989:106) og dei knapt 200 orda i «Fragmenter af en Ordbog» (Bondevik m.fl. 1992)¹¹.

Aasen opplyser sjølv at han sat med ei samling på kring 50.000 ord då han redigerte *Norsk Ordbog* (1873:VI), og 38.000 av desse kom med. Han barberte altso vekk kring 12.000 ord. Eg skal i det fylgjande gå noko nærare inn på kva Aasen gjekk etter når han valde ut dei heldige 38.000.

Framstillinga byggjer på Aasens eigne ord (hovudsakleg i fortalene til dei to ordbøkene). Ei fullnøyande granskning ville kravd jamføringar mellom samlingane til Aasen og ordbøkene, men det er ingen grunn til å tru at dette skulle gje andre svar enn dei Aasen sjølv gjev.

Representativitet og avgrensing

Aasen ville «...betragte Dialekterne samlede som et selvstændigt Sprog, der kun udgaer fra vort Lands eget gamle Sprog og ikke kan indskydes under noget af de nuværende Nabosprog» (1850:V). Ordboka skulle altso stå på eigne bein og ikkje vera eit vedlegg til utanlandske ordbøker.

Difor var det viktig for Aasen å laga ei ordbok som ikkje einast inneheldt «...de mere sjeldne og ubekjendte Ord, men saavidt som muligt indbefatte det hele Forraad af norske Ord, som have nogen bestemt Betydning og trænge til særskilt Forklaring» (s.st.). Aasen ville altso laga ei ordbok over det *sentrale* ordtilfanget i norsk.

Aasen hadde heller ingen planar om å laga ei fullstendig framstilling av det norske ordtilfanget:

«...man vil lettelig indsee, at en ganske fuldstændig Ordsamling for det Første maatte blive en umulig Ting, og at det ialfald vilde udkræve en meget lang Tid og en usædvanlig Udholdenhed, om man skulde opholde sig saalænge i ethvert Distrikt, at man kunde trænge rigtig tilbunds i Dialekten med dens forskjellige mindre Forgønginger» (1850:V).

Han var jamvel redd for at ei for stor ordbok i seg sjølv ville skada omdømet til landsmålet. I 1873 grunn gav han avgrensinga av omfanget med at han var redd for at

«det virkelig ægte og verdifulde Stof blev ligesom skjult og indklemmt i en Masse at ubetydeligt Vedhæng. Det blev derfor nødvendigt at vrage alt det, som kunde vrages, og at affærdige de ubetydeligste Ord saa kort som muligt, men derimod behandle de vigtigere Ord med en større Flid og Udførlighed» (1873:VII).

Aasen ville skapa ei norm som kunne tevla med dansken i prestisje og bruk, og dette gjorde at han med vilje utelet ord han såg på som lite viktige.

«*Til Hinder for Sprogets Anseelse*»

Ein del ord let Aasen vera å ta med av di han var redd for at dei ville *skjemma ut landsmålet*. Han var oppteken av å gje den nye skriftnormalen eit omdøme som kunne tevla med dansken. Han er arg på ein del av dei eldre ordsamlingane som

«indeholdt adskilligt som gjerne kunde være udeladt, da nemlig flere Samlere havde befattet sig for meget med saadanne Ord, som forekom dem besynderlige og morsomme eller «kuriøse». Allerede Jensens Glosebog indeholder endeeel Ord, som nærmest kun henhøre til Spøg og Skjemt (s. Tillæg, S. 975) og saadanne Ord vise sig da ogsaa i de følgende Ordsamlinger; blandt andet findes der en paafaldende Mængde af Benævnelser paa en skjødesløs eller klodset og uanseelig Person, medens derimod saa mange vigtigere Ord ere glemte» (1873:V).

«Kuriøse ord» var Aasen altså varsam med å ta med. Dessutan heldt han seg langt unna «Æder og Skjældsord samt enkelte andre, som kun bruges i grov og obscøn Tale» av di dei «ikke synes at være til nogen Berigelse for Sprogstoffet» (1850:V). Ei rask jamføring mellom NO og *Norsk Maalbudnad* – pkt. 70 b) ‘Smaadeildir’ på lekamen (Aasen 1925:53) – gav dette resultatet (orda i kursiv står *ikkje* i NO; nokre av dei andre står i NO, men om dyr):

«Armstaup. Bembel. Bene, Benelde. Boll. Bringehola. Bringespor. Bringekoll, -smale. Burar. *Bærnad*. Eigestell. Eista. Eistekjerne, -korn, -pung, stein. Fans, -hus. *Fitta*. Geirvorta. Heimelting. Juver. Kodd. Kraaka. *Kuk. Kunta, -ulv*. Kusa. Kyla (Barkekyla). *Løynlim* (?). Mige, Mighus. *Mus*. Navle. Naare. Papp. Peis. Pill (Pikk, *Pip*). *Pisa*. Pung. Puss. Red, Rede (Ride). Reidskap. Røyr (Reis). Skaud, -hus. *Skora (Rauvsora)*. Skripa. Spene. Svange. Svaan. Svekk. Taska. Tatte (Titta). Tingeste. Vorta.»

Ein viss sensur har Aasen altså drive, sjølv om ein god del av dei orda han tok med, i dag òg vel vert rekna som noko «obscøne».

Men Aasen hadde ingen ynske om å flytta eller pirka i moralske normer. Tvert imot såg han ein motsetnad mellom ein ‘kulturradikalisme’ som retta

seg mot skikk og bruk, og arbeidet for landsmålet – han var redd for at det ville skada vyrnaden til målet.

Aasen ville ikkje ta med «de mange unødvendige Ord, som enten udtrykke et utydeligt og ubetydeligt Begreb eller blot bruges som en Forandring af andre Ord uden nogen særegen Betydning» (1850:V). Som døme på slike unødvendige ord nemner han *kludre* («slæbe uden Fremgang») som finst i variantar som *klatre*, *kratle*, *kaltre*, *katle*, *kotle*, *kokle*, *kolke*, *klakke*, *kladde*, *klafse*, *klåsse*, *kåsse*. Denne typen ord vart han likevel mindre avvisande til etter kvart, opplyser han same stad, av di mange av dei synte seg å ha ein djupare grunn og stå i samband med eldre former. Dei er difor allernådigast «...blevne optagne, men affærdigede saa kort som muligt, tildeels kun med en Henviisning til et mere bekjendt Ord, som har den samme Betydning».

Lånord

Aasen var kritisk til lånord, eller «fremmede Ord» som han kallar dei¹², og dette har gjeve han stempelet ‘purist’¹³. I 1850-utgåva er

«fremmede Ord, som i den seneste Tid ere indkomne ved Skriftsproget, ... udeladte, forsaavidt som de ikke have antaget nogen egen Form eller egen Betydning» (1850:V).

Enno klårare er han i 1873 når han omtalar den låke dansken som vart skriven i samtida hans. Her nemner han nokre døme på framande eller ‘heimlause’ ord som han meiner ikkje høyrer heime korkje i danske eller norske ordbøker: *Slitage*, *Lækage*, *Rabalder*, *Skøier*, *Bule*, *bedærvet*, *bedagelig*, *pertentlig*, *ramponere*, *rumstere*, *agter-over*, *syd-over* (1873:X*)

Han nemner nokre døme på ord «som ere indkomne fra andre Lande og som for en stor Deel kun bruges i visse mindre Kredse, hvor man enten har lært dem af Bøger eller af Omgang med fremmede Folk»: *skranten*, *vrannten*, *vever*, *løi*, *maabe*, *maie*, *titte*; *Gjenfær(d)*, *Opdræt*, *Optræk* (1873:VII).

Ein del lånord fall likevel innanfor med denne grunngevinga:

«...deres Brug i Landet er mere almindelig og tildeels ogsaa noget gammel. Saadanne Ord ere da her indførte med en kort Anmærkning om deres fremmede Herkomst, og tildeels ere de ogsaa betegnede med et eget Mærke (!)» (s.st.).

På dei fyrste sidene av bokstaven *T* finst desse orda merkte med |'en: *Talje*, m (holl.), *Talk*, m 'Tallerken', *Tambak*, n 'Tombak (Metalblanding)', *Tambur*, m (fr.), *Ters*, m (ital.), *Terta*, f (fr.), *Tir*, m 'Rad, Række' (eng.).

Serleg ville Aasen unngå dei nyare tyske orda, som *Anstalt*, *anstændig*, *bedrøva*, *erstatta* (Indrebø 1951:433). Aasen grunn gav purismen både nasjonalt og pedagogisk. Sagt med orda til Indrebø (1951:440) meinte han at det var

«eit klenk kulturverk å byggja upp eit 'kultur mål' mesta berre med å fylla lånt og framandt i alle krokar og beint fram ausa inn tysk, so som dei hadde gjort i dansk, der dei jamvel 'fordanske' franske og latinske ord med tyske (t.d. Modestie, Passion, regulair med Beskedenhed, Lidenskab, regelmæssig)».

Aasen meinte dessutan at «De mange fremmede Ord ere til megen Skade ved det at de fordærve Sprogsandsen, gjøre Skriften uforstaaelig og give megen Leilighed til Mistyding», altså eit hefte for ålmugen (Indrebø, s.st.).

Aasen vart meir avvisande til lånord med åra. Medan det var 37 avleiingar på *-else* i OF, og meir enn halvdel av dei var eigne oppslagsord, var berre *værelse* eige oppslagsord i NO. Dei andre 34 kom berre med i artiklar under andre oppslag¹⁴.

Nylagingar og litterære ord

Utviklinga av den fyrste landsmåls litteraturen og dei mange nylaga orda, serleg i *Dølen*, gav Aasen eit problem i 1873 som han hadde sloppe unna i 1850: Kor mange av nylagingar og litterære ord skulle han ta med? Aasen såg fleire gode grunnar for å ta dei med:

«Da der ofte er Spørgsmaal om saadanne Ord, som kunne tjene til Oversættelse af visse fremmede Udtryk, og da der ogsaa i nogle nyere Skrifter, f. Ex. i Bladet «Dølen», findes adskillige Forsøg til en saadan Oversættelse, kunde maaskee mange ønske, at endeel af de saaledes brugte Ord maatte optages i denne Bog. Dertil kunde der ogsaa være nogen Grund, da flere af disse Ord vare heldigt dannede og maaskee ikke saa ganske nye, da man ofte hører Almuesfolk gjøre saadanne Forsøg til at betegne et nyt Begreb» (1873:VI).

Likevel let han det vera, med denne grunngevinga:

«Jeg havde ogsaa optegnet endeel saadanne Ord til mulig Optagelse, men fandt dog ved nærmere Betænkning, at de her helst burde forbi-

gaaes, og mest af den Grund, at deres Optagelse ikke ganske passede til Planen for denne Bog, hvis nærmere Formaal skulde være at fremvise det Ordforraad, som er virkelig nedarvet og efterhaanden udviklet iblandt selve Folket. Et saadant Sprog har naturligviis nogen Mangel paa Udtryk for saadanne Begreber, som man kun har seet betegnede ved fremmede Ord; men en saadan Mangel kan for en stor Deel ogsaa siges at have Sted i de skriftlig udviklede Nabo-sprog. Og et Forsøg til Oversættelse af nogen Mængde af disse fremmede Udtryk burde ikke være forhastet, men grunde sig paa en omhyggelig Betænkning og en god Oversigt af Sprogets hele samlede Ordforraad» (s.st.).

Når Aasen her seier at dei litterære orda «helst burde forbigaas», må dette forståast slik at han ikkje tok dei med. Heller ikkje sine egne nylagingar tok han med. I Heimsyn finn me m.a. orda *ravkraft*, *dragstein* og *dragsteinskraft*¹⁵, og ingen av desse orda finst i NO. (Dei to siste står heller ikkje i *Nynorskordboka*, men der har *ravkraft* 'elektrisitet' kome med.)

Eit viktig poeng for Aasen var at han ikkje vil trekkja noko skilje mellom landsspråk (litteraturspråk, skulespråk) og 'landskabssprog'. Han meiner tvert imot at dei orda som ein reknar som målføreord ofte er meir utbreidde enn ein fyrst trur, og at ein med god rett kan hevda at desse orda høyrer med til landsspråket. Han peikar òg på at mange målføreord har kome til heider og vyrdnad «fordi de have den Lykke at være bekjendte i en Kjøbstad eller brugte af en og anden anseet Forfatter» (1873:VIII).

Aasen har prinsipielt ikkje sansen for ulike ordbøker for litteraturspråk og målføre:

«Det synes dog at være uheldigt, at en stor Deel af Folkenes Ordforraad skal være henvist til særegne Glossarier og ikke findes i de almindelige Ordbøger. Og det kunde maaskee være mere nyttigt, om man af og til henviste til Folket i en vis Provinds, end at man kun skal henvise til visse Forfattere og Digtere, som just ikke altid ere Sprogets bedste Bevogtere» (s.VIII).

Aasen heldt altså utanfor nylagingar som han ikkje hadde funne i levande bruk i målføra. Det treng likevel ikkje tyda at store delar av det nyutvikla ordtilfanget i landsmålet vart halde utanfor. Både Aa.O. Vinje og andre landsmålsforfattarar gjekk ofte til målføra for å finna avlørsarord. Ein del av 'nylagingane' deira var difor ikkje nye anna enn i skriftspråkleg samanheng.

Samansette ord

Aasen var varsam med å sleppa samansette ord inn i ordbøkene. Sjølvforklarande samansetjingar vart «forbigaaet», det same vart samansetjingar av partikkel og partisipp (t.d. *åt-boren*). Oddrun Grønvik (1989:103) har talt opp samansetjingane med *and-*, *att-* og *av-* i 1873-utgåva til Aasen og i *Norsk Ordbok* av Hans Ross og finn at båe to likevel har vore temmeleg rause med å ta med samansetjingar med partikkel. Eit raskt blick på dei nye orda i NO syner òg at ein god del av dei er samansetjingar, t.d. *Taknæver*, *Takrenna*, *Talebruk*, *Talekunst*, *Talestrøym*, *Teiknebok*, *Teiknekunst*. Heilt enkle samansetjingar har han likevel ikkje med.

Oppsummering

Ivar Aasen ville laga ei *representativ* ordbok for det norske ordtilfanget. Krava til orda var at Aasen måtte ha høyrte dei i levande bruk, og at dei høyrde til det nedervde norske ordtilfanget (med rot i gamalnorsk). Aasen var varsam med å ta med samansetjingar, og han var serskilt på vakt mot rare ord, skjellsord og ‘unødvendige ord’ som kunne skada omdømet til landsmålet. Stad- og personnamn, nylagingar og litterære ord tok han heller ikkje med. Det vog tyngre for Aasen å få gjeve ut ordbøkene raskt enn å få med rubb og rake av ord.

Aasen laga ei ordbok over eit mål som ikkje fanst i skrift. Han ynskte at ordboka skulle nå ut til flest mogleg (medrekna brukarar i andre nordiske land) og valde difor å laga ei tospråkleg norsk – dansk ordbok med oppslagsord på norsk (normalisert etter Aasens nye landsmålsnormal i 1873) med forklaringar og definisjonar på dansk. Likevel var boka fyrst og fremst mynta på norske lesarar med norsk talemål og dansk skriftmål. Det rettaste vil difor vera å setja ordboka til Aasen i lag med andre *målreisings*-ordbøker – tospråklege ordbøker som går omvegen om eit framandt mål.

Norsk Ordbog er eit framhald og ei betring av *Ordbog over det norske Folkesprog*. Skilnadene på dei to ordbøkene kan stutt oppsummerast slik:

– NO er mest dobbelt so stor som OF, og auken kjem slett ikkje av meir «fyllmasse». Aasen sette vel so strenge kvalitative krav til orda han tok inn i NO som til orda i OF.

– Dreining frå talemålsnær skrivemåte av oppslagsorda i OF til etymologisk i NO. I NO gjennomførde Aasen landsmålsnormalen han hadde sett opp i *Norsk Grammatik* (1864).

– OF hadde klår slagside mot Vestlandet, sjølv om Aasen her òg hadde med ord frå dei fleste landsdelane. I NO er det geografiske grunnlaget

utvida, og tyngdepunktet er flytt noko nord- og austover i høve til OF.

Norsk Ordbog vart ei folkeordbok som fyrst dei siste åra har teke til å få avløyning – av *Nynorskordboka* (1986) som i 1993 kom i ny utgåve, og av storverket *Norsk Ordbok* som snart har kome fram til *g* og vil vera ferdig ein gong midt i neste hundreåret. Likevel vil nok dei to utgåvene av Aasens ordbok for alltid ha heidersplassen i norsk leksikografi – *Ordbog over det norske Folkesprog* som det banebrytande verket og *Norsk Ordbog* som folkeordboka og grunnstommen i den nynorske målreisinga.

Notar

1. Ordtøkje etter Ivar Aasen (1989:55).
2. Sjå oversyn over utgåvene i litteraturlista. Det er nok 1918-utgåva av *Norsk Ordbog* som verkeleg har vorte folkeeige (Vestmannalaget si utgåve). Dei fem utgåvene er like i innhald, men sidetala i fortala varierer noko. 1873-, 1977- og 1983-utgåvene er heilt like. I 1900-utgåva er sidetala i fortala skudv ut med 3–5 liner, medan fortala i 1918-utgåva har andre sidetal. Sidetala i ordbokdelen er likevel dei same i alle utgåvene. Eg syner til 1873-utgåva.
3. Rekna ut av P.A. Munch (1850:41). Sjølv rekna eg meg fram til knapt 19.000 etter å ha talt opp 25 sider av bokstaven *T* (741 ord).
4. Eiga utrekning på grunnlag av 25 sider (504–528). Hellevik (1968:201) meiner det er om lag 35.000, medan Sommerfelt (1963:157) reknar «mellom 35.000 og 40.000 artiklar».
5. Det vesle stykket på knappe 5 sider vart prenta fyrste gongen i *Syn og Segn* i 1909 (Olav Midttun var skriftstyrar) med denne påskrifta av Molkte Moe: «Dette stykket er det fyrste Ivar Aasen hev skrive um maalfreisingi; han var daa 23 aar gamall, og hadde endaa ikkje vore utanbygdes. Stykket hev aldri vore prenta fyrr.» Stykket er dessutan prenta i tredje bandet av Ivar Aasen: *Skrifter i samling* (1912), og i Aasen 1984, s. 53–57.
6. Aasen fekk tak i andreutgåva som kom i 1831.
7. Haugen (1975:159ff) og Knudsen (1963:205ff) skriv ein god del om dette.
8. Walton 1991:57. Her vert langferda til Aasen skildra detaljert. Dessutan er både denne og dei andre ferdene til Aasen oversynleg skildra i Indrebø 1951:428ff. Aasen sjølv har eit greitt oversyn i *Brev og dagbøker III*, s.405–407 («Aarstal til livssogo mi», 1853, og «Ferder og Tiltak», 1873).
9. Indrebø 1951:431. Det uprenta manuskriptet til sunnmørsgrammatikken frå 1841 inneheldt «Fragmenter af en Ordbog», altså delar av denne ordsamlinga (knapt 200 ord). Manuskriptet med «fragmentet» er no prenta i Bondevik m.fl. 1992:95ff. Finn-Erik Vinje (1978:127) tek soleis feil når han hevdar at denne ordsamlinga «hadde kommet med i 2 utg av sunnmørsgrammatikken (1841)». For det fyrste vart ikkje dette andre manuset gjeve ut før i 1992, og for det andre inneheldt det slett ikkje 9.000 ord. Bondevik m.fl. (1992:XII) opplyser at dei leksikalske samlingane frå Sunnmøre skal gjevast ut seinare.

